

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på det blir utarbeidd ein strategi for folkemusikk og folkedans. Vi føreset at arbeidet med strategien vil bidra til å styrke og utvikle feltet på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
2. Folkemusikken og folkedansen sin eigenart må vektleggast i tiltak og verkemiddel. Det er eit felles ansvar å sikre gode rammevilkår for organisasjonar og institusjonar, og ansvar må plasserast på alle forvaltningsnivå.
3. Det er behov for fleire arenaer der barn og unge får møte folkemusikken og folkedansen i regi av både organisasjonar, institusjonar og det offentlege. Kulturskulane bør stå sentralt i opplæring, gjerne med distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk og folkedans knytt til seg. Ein må sikre utdanningsløp innan høgare utdanning for både folkemusikk og folkedans.
4. Det er behov for å etablere ein overordna nasjonal struktur som sikrar ei naudsynt oversikt over den samla samfunnsdokumentasjonen som lokale og regionale arkiv forvaltar på feltet. Ein nasjonal institusjon bør få mandat til å utvikle og drifte eit fagsystem med publiseringsløysing. Vidare er det behov for ei utgreiing av kva moglegheiter folkemusikkarkiva har til å gjere dokumentasjonen tilgjengeleg for ålmenta.
5. Norge og Vestland er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Møteplassar som stimulerer mangfald og inkludering må difor vektleggast.
6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innspelet til arbeidet med strategi for folkemusikk og folkedans, og at saka med vedlagt notat vert oversendt kulturdepartementet.